



Arkivnr: 2015/11179-40

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Forslag til prosjektplan

#### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet handsama sak PS 141/17 Bestilling av forvaltningsrevisjon i møte 18.12.2017 og dette vart protokollert:**

1. Kontrollutvalet vil i første halvår 2018 gjennomføra ei evaluering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeida forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik felles evaluering av dei vedtekne planane i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensinger, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Prosjektplanen skal leverast sekretariata innan 17.01.2018 og skal handsamast i møte i kontrollutvala i februar 2018.

#### I saksframlegget som låg til grunn for denne saka går det m.a. fram dette:

«Kontrollutvalet ville ha gjennomført ei rullering av planen i løpet av 2018 uavhengig av at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skal slå seg saman frå 01.01.2020. På bakgrunn av dette har kontrollutvala i dei to fylkeskommunane hatt to felles arbeidsmøte der ein har drøfta korleis ein skal handsame ansvaret som kontrollutvala har i denne prosessen.

I referatet etter felles arbeidsmøte mellom kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar 21. november vart det nedfelt følgjande om Plan for forvaltningsrevisjon:

*Begge kontrollutvala bør handsame sak i desember om bestilling hjå Deloitte av prosjektplan for felles evaluering av planane. Bestillinga bør vera at forslag til prosjektplan vert levert til handsaming i første møte i utvala i 2018.»*

**Drøfting:**

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for felles evaluering av dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

**Det går m.a. fram dette av prosjektplanen punkt 2:**

*«Revisjonen vil i samband med rulleringa undersøke om det er vesentlege endringar i risikobiletet som fører til at prosjekt bør omprioriterast eller om nye prosjekt bør kome til i planane, og om den føreståande samanslåinga gjer at ein bør prioritere annleis enn det som er gjort i eksisterande planar.»*

*«Det vil bli gjennomført to prosessar, ein i kva fylkeskommune, for å sikre at vi fangar dei risikoar som er spesifikke for kvar verksamhet. Samstundes vil ein parallel prosess gjere at ein kan sjå risikoane i dei to fylkeskommunane opp mot kvarandre for å vurdere om det er nokre område som er felles og om det er nokre område som er meir nyttige enn andre med omsyn til samanslåingsprosessen.»*

**Vidare går det m.a. fram dette av prosjektplanen punkt 4:**

*«Revisjonen vil utarbeide eit notat for kvar fylkeskommune som vil bli lagt til grunn for rulling av plan for forvaltningsrevisjon. Notata vil gje kontrollutvala grunnlag for å diskutere rekkefølgje eller føye til nye forvaltningsrevisjonsprosjekt.»*

*«I tillegg til notatet vil det bli utarbeidd ein oppdatert plan for forvaltningsrevisjon for kvar av fylkeskommunane.»*

I denne rulleringa vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, Kostra-tal og prosessmøte med kontrollutvala. Revisjonen ønskjer å gjennomføre intervju med 6-7 fylkesdirektørar i tillegg til fylkesrådmannen.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslårte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

**Konklusjon:**

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og dekkande for korleis dette arbeidet kan gjerast på ein god måte. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend slik det ligg føre.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller felles rulling av dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 26.02.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
6. Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Vedlegg

- 1 Prosjektplan HFK - rullering av plan for forvaltningsrevisjon 2018